



Eigarar og brukarar av kulturminne i Radøy

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1513 - 14/11667

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

26.10.2014

Informasjon om kulturminneregistrering

Formannskapet i Radøy kommune vedtok i juni 2014 at kommunen skal utarbeida ein kulturminneplan. Første fase i dette arbeidet er å registrera aktuelle kulturminne i kommunen. Dette arbeidet er no i gang, og frivillige personar og personar knytt til kommunen er no i gang med dette. Arbeidet er støtta av Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune.

Registratorane kjem til å ta bilete og kartfesta kulturminne, og notera informasjon om miljø og historie. Det vil vera til stor nytte om eigarar eller andre som kjenner til kulturminnet vil hjelpa til med å få faktaopplysningar om objekta. Me håpar at de som grunneigarar eller forvaltar av kulturminna vil ta godt i mot dei som registrerer kulturminna.

Kvifor treng me ein kulturminneplan?

Kulturminna er dei fysiske spora etter historia vår. Dei fortel om tradisjonar, handverksteknikkar og driftsformer frå tidlegare tider, og er med på å gje lokal identitet og særpreg. Ein kulturminneplan gjev oversikt over kulturminneverdiane i kommunen, og er eit nyttig verkty i kommunal planlegging og i formidling av kulturminne. Plan- og byggesakshandsamarane vil med ein slik plan lettare kunna ta omsyn til kulturminne. Landbruksavdelinga får eit betre grunnlag til å prioritera SMIL-midlar og andre tilskotsordningar, og kulturavdelinga vil få eit grunnlag til å prioritera tilskot frå kommunen sitt kulturminnefond og andre tilskotsordningar. Skular og barnehagar vil kunna bruka kulturminneplanen i sine læringsopplegg. Ein kulturminneplan kan og fungera som eit oppslagsverk for innbyggjarane og andre interesserte, og det er eit mål at denne kunnskapen skal verta gjort allment tilgjengeleg.

Registreringsarbeidet skal gå føre seg frå oktober 2014 og 2015, og planen skal vera godkjend i løpet av 2016.

Ta gjerne kontakt med underteikna i Radøy kommune om de har spørsmål på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eigarar og brukarar av kulturminne i
Radøy